

---

912131890

EIVIND HAGENES

**Mobilnummer**  
959 23 498

**E-postadresse**  
EIVINDHAGENES@HOTMAIL.COM

**Kontonummer** \*\*\*\* \*\* 18365

<b>Vedtaksdato</b>	<b>Vedtaket er gjort av</b>	<b>Søknadsdato</b>	<b>Vår referanse</b>
02.11.2023	Osterøy kommune	10.09.2023	2023/2663, Agros 245188

## **Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – FJERNING AV GAMLE GJERDE**

---

**Samandrag:** Osterøy kommune har vedtatt å innvilge opptil 15 825 kroner i tilskot til EIVIND HAGENES til FJERNING AV GAMLE GJERDE. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.10.2025.

---

Osterøy kommune viser til søknad av 10.09.2023.

### **Bakgrunn i saka**

EIVIND HAGENES søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 10.09.2023. Du søker om totalt 20 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 10.10.2023-10.10.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 20 000 kroner.

Ferning av gammal piggtråd og gjerder. Mot nabo eideom og utmark 545 meter og mot innmark på landbrukseigedom gnr.152. bnr.11. 510 meter. I alt 1055 meter gjerde.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Det blir løyvd tilskott med kr.15,- pr. meter gjerde som blir fjerna etter ein godkjend kostnad på kr. 30,- pr. meter.

Tiltak	Kostnad kr.	% Tilskott	Løyvd tilskott kr.
Rydding av 1055 meter piggtrådgjerde.	31 650,-	50%	15 825,-

Osterøy kommune har vedtatt å innvilge opptil 15 825 kroner i tilskot.

### **Vilkår for tilskotet**

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.10.2025. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Strekninga der piggråden er fjerna skal teiknast inn på kart som skal leggast ved søknad om utbetaling av tilskottet.

Piggråden skal ikke gjenbrukast, men leverast på godkjend mottak.

### **Rapportering og utbetaling**

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Det skal først timelite over arbeidesforbruket som skal leggjast ved søknad om utbetaling av tilskottet.

Osterøy kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan få om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årig eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar underveis i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjent rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 31 650 kroner. Utbalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

### **Kontroll**

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

## **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Osterøy kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

## **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
Osterøy kommune

Saksbehandla av: Martin Ivar Henden

Godkjend av: Tore Johan Erstad